

STANDARD GRUNNEIGARAVTALE

AVTALE OM TILRETTELEGGING OG MERKING AV STIGAR OG LØYPER I HEMSEDAL KOMMUNE

1. AVTALEPARTAR:

A. GRUNNEIGAR: _____

Gnr. _____ Bnr. _____ Kommune: Hemsedal

B. TILRETTELEGGJAR _____

2. AVTALEOMRÅDE (sjå vedlagt kart)

Områdenamn: _____

Avtalen gjeld følgjande strekning(ar): _____

Stig- og løypekategori (set kryss i aktuell rute):

- TURSTIG
- SYKKELLØYPE
- SKILØYPE

3. INTENSJON OG FORMÅL MED AVTALEN:

Avtalen endrar ikkje det lovfesta og hevdvunne prinsippet om fri ferdsel, men skal brukast i samband med tilrettelegging av trasear for stigar og løyper. Avtalen tek sikte på å leggje til rette eit godt stig- og løypetilbod for ulike former for fysisk aktivitet året rundt. Tilrettelegginga skal skje på ein måte som er tilpassa behova til allmenta, samtidig som ho fører til minst mogleg ulempe for grunneigaren si næringsmessige utnytting av eigedommen.

4. OMFANGET AV AVTALEN

Primært er det tenkt at avtalen skal brukast mellom grunneigarar og frivillige organisasjonar, friluftsråd og kommunar ved tilrettelegging og merking av stigar og løyper til friluftsbuk i utmark. Dersom:

- turstig eller sykkelløype gjeld innmark, skal dette avtalast i pkt. 14.
- skiløype gjeld innmark, kan det fastsetjast særskilde avgrensingar for tyngre løypepreparering pga. fare for isbrann. Dette blir eventuelt avtala i pkt. 14.

Avtalen gir tilretteleggjaren rett til å lage og vedlikehalde turstigar, sykkel- og skiløyper på eigen kostnad etter trasear som er innteikna på det vedlagde kartet. Traseane kan ikkje leggjast om eller forandrast utan samtykke frå grunneigaren.

5. DEFINISJONAR

Turstigar er ruter for ferdsel til fots, ruter som er merkte og rydda for vegetasjon, men utan, eller med liten grad av opparbeiding av grunnen. Turstigar skal ryddast i inntil 2 m breidd mellom trestammene.

Sykkelløyper er ruter for ferdsel med sykkel, ruter som er rydda, merkte og tilrettelagde for tur- eller terrengsykling. Sykkelløyper skal leggjast til heilårsturveg, fleirbrukstrasear og eksisterande grusvegssystem. Ved tilrettelegging av stigar skal dei ryddast i inntil 2 m breidd mellom trestammene. For utforsykling og faste installasjonar er føresetnaden at det er inngått særskild avtale.

Skiløyper er ruter for turgåarar på ski, ruter som er rydda, merkte og gjorde framkomelege for skiløparar. Skiløyper skal opparbeidast med ryddebreidd mellom trestammene på maksimum 4 meter. For lysløyper, turrensløyper og andre breiare skiløyper er føresetnaden at det er inngått særskild avtale.

6. RYDDING, MERKING OG SKILTING

Tilretteleggjaren får rett til og har ansvar for rydding, merking og skilting av ruter slik det går fram av det vedlagde kartet (jf. pkt. 2), og for vedlikehald av rutene (jf. pkt. 7). Dette skal skje på ein slik måte at det ikkje fører til skade på skog, og omfattar normalt:

- Rydding av vegetasjon i traseen, jf. breidda under pkt. 5. Felling av tre krev særskilt samtykke frå grunneigaren.
- Mindre tiltak i grunnen (fjerning av stein og stubbar, enkle tiltak for å leie vassig), og utlegging av bru/klopp eller kavlelegging.
- Merking som kan bestå av måling på varde eller stake/påle som er sett ned i bakken. Det skal ikkje merkjast på fjell og jordfaste steinar.
- Skilting og oppsett av informasjonstavler som kan setjast opp der det er behov for slike. Plassering av tavler skal godkjennast av grunneigaren, og mogleg fellesbruk skal vurderast.

Rydding, merking og skilting skal skje i samsvar med Merkehandboka som til kvar tid gjeld, og som blir utgitt av Den Norske Turistforening, Friluftsrådenes Landsforbund og Innovasjon Norge.

Der trasear kryssar gjerde som er nødvendige for dyrehald, skal tilretteleggjaren sørge for at det blir etablert grind eller gjerdeklivar.

Drenering og planering av skiløyper kan gjerast etter særskild avtale. Kommunen skal kontaktast viss terrengarbeida er av eit omfang som kan utløyse søknadskrav etter plan- og bygningslova. Maskinell preparering av skiløyper kan skje på grunnlag av avtala/føreliggjande løypekart. Eventuelle avvik må klarerast med grunneigaren før iverksetjing. Det skal visast særleg omsyn til plantefelt og ungsog. Elles gjeld lov om motorferdsel.

7. VEDLIKEHALD

Tilretteleggjaren får rett til og har ansvar for å vedlikehalde merkinga, traseen og dei innretningane som er laga som ledd i traseen. Tilretteleggjaren skal då følgje same reglar som i pkt. 6. Tilretteleggjaren har ansvar for å rydde søppel.

Tilretteleggjaren tek på seg ansvaret for eit visst oppsyn med meir besøkte rasteplassar, særleg med omsyn til trefellingar, kvistbryting, bålrensing, forsøpling o.l. som kan skade grunneigaren sine interesser eller naturgrunnlaget. Eventuelt grovt skadeverk skal meldast til grunneigaren straks for vidare oppfølging.

Grinder, klopper og gjerde som må fjernast før vinteren, skal setjast opp igjen etter avslutta skisesong.

8. SKOGSDRIFT OG ANNA NÆRINGSUTØVING

Grunneigaren sine næringsutøving blir ikkje avgrensa av avtalen. Tilrettelegging skal utførast på ein måte som gir minst mogleg skade på tre eller redusert skogproduksjon. Nyttbart virke skal fellast, kvistast, kappast og behandlast etter rettleiing frå grunneigaren. Før ein set i gang arbeid som gjer det vanskeleg å bruke trasear, skal grunneigaren varsle tilretteleggjaren, som om nødvendig sørger for informasjon til brukarane. Om nødvendig blir partane einige om ei mellombels omlegging av traseen. Sjå elles skogbrukslova og eventuell skogsertifisering for eige dommen.

9. OMLEGGING AV STIGAR OG LØYPER I AVTALEPERIODEN

I avtaleperioden kan både grunneigaren og tilretteleggjaren krevje at traseen blir omlagd når det er nødvendig av omsyn til grunneigaren eller friluftsbukarane. Slik omlegging krev semje mellom partane, men samtykke skal ikkje kunne nektast utan sakleg grunn.

10. ERSTATNING

Bruk og/eller merking av trasear i samsvar med føresegnene i friluftslova gir ikkje grunnlag for vederlag. Det blir ikkje gitt erstatning til grunneigaren for dei tiltaka avtalen omfattar. Der merking og tilrettelegging medfører dokumentert økonomisk tap for grunneigaren, kan det ystast erstatning etter særskild avtale, som skal gå fram av punkt 14.

11. VARIGHEIT

Denne avtalen gjeld i ti år og blir fornya automatisk for ti år om gongen dersom ingen av partane har sagt han opp eitt år før avtaletida går ut.

12. OPPHØYR

Når avtalen blir avslutta, pliktar tilretteleggjaren å fjerne anlegg, skilt og andre innretningar, dersom ikkje anna er avtala. Samtidig forpliktar tilretteleggjaren seg til å avlyse eventuell tinglysing.

13. TVISTAR

Eventuelle tvistar om forståinga av denne avtalen skal avgjerast i samsvar med lov om tvistemål.

14. SPESIELLE FORHOLD

15. VEDLEGG

Vedlegg 1: Kart over avtaleområde med innteikna trasear som er omfatta av denne avtalen

Stad: _____, den _____._____._____.

Grunneigar

Tilretteleggjar

Tinglysing

Dersom partane finn det formålstenleg, kan denne avtalen tinglysast som hefte på eigedommen gnr. _____, bnr. _____ på tilretteleggjaren sin kostnad.

Stad: _____, den _____._____._____.

Grunneigar

Tilretteleggjar

Kontaktinformasjon grunneigar (namn, adresse, tlf., e-post): _____

Kontaktinformasjon tilretteleggjar (namn, adresse, tlf., e-post): _____

Eitt eksemplar av denne avtalen skal leverast til: Hemsedal kommune, 3560 Hemsedal, postmottak@hemsedal.kommune.no

Denne avtalen er basert på avtalar tilrådde av Den Norske Turistforening, Friluftsrådenes Landsforbund, Friluftslivets fellesorganisasjon, Norges Fjellstyresamband, Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Norskog, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Statskog og Norsk Allmenningsforbund, mai 2003, oppdatert mai 2013 og tilpassa lokale forhold i Hemsedal mai 2014.